



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 04.03.2019
Møtestad: Sosialrommet, Turbinen
Møtetid: 11:00 - 15:15

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magnar Nese	SP	Varamedlem
Frode O. Kallestad Dyvik	KRF	Varamedlem
Silje Stien	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Silje Stien
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Frode O. Kallestad Dyvik
Line Eide Vik	SP	Magnar Nese



Andre møtande:

Konst. Rådmann Åse Elin Myking

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad

Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum

Kommunalsjef samfunnsutvikling Helge Berset

Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
06/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
07/2019	GODKJENNING AV MØTEBOK
08/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
09/2019	NOU 2018:16 DET VIKTIGSTE FØRST - ORIENTERINGSSAK
10/2019	ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET 2018
11/2019	FORELDREBETALING I SFO
12/2019	LØYPEMELDING - UTGREIING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID MED KOMMUNAR I NORDHORDLAND - ORIENTERINGSSAK
13/2019	INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - ETABLERING AV LANDSTRØM FOR FARTØY PÅ VAKSDAL MØLLE
14/2019	INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - RESIRKULERING AV BOSS OG AVFALL PÅ OFFENTLIGE BYGG OG I PRIVAT NÆRINGSVIRKSOMHET I VAKSDAL
15/2019	INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - UTSLEPP OG VANNKVALITET I SØRFJORDEN OG VEAFJORDEN



06/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 06/2019 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

07/2019: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 07/2019 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

08/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Arne Normann ba om ei sak til kommunestyret i april om flaumsikring av Vossovassdraget

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 08/2019 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.



09/2019: NOU 2018:16 DET VIKTIGSTE FØRST - ORIENTERINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

Levekårsutvalet 18.02.2019

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg orienterte.

Levekårsutvalet ba om at det vert bestilt papirversjon av NOUen til medlemmene i levekårsutvalet.

Samrøystes vedtak.

LEV - sak 04/2019 Vedtak:

Utval for Levekår tek saka til orientering

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 09/2019 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering

10/2019: ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET 2018

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Leiar i kontrollutvalet orienterte.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 10/2019 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.



11/2019: FORELDREBETALING I SFO

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner følgjande satsar for foreldrebetaling for skulefritidsordninga (SFO) i 2019:

- Timepris i SFO er kr. 27,- i 2019
- Søskenmoderasjon med 30 % for barn nummer to og 60 % for barn nummer tre og fleire, skal gjelde uavhengig om barn frå same hushalninga går i barnehage eller SFO
- Foreldre har rett til redusert pris om makspris for plass i SFO er høgare enn 6 prosent av den samla inntekta til hushaldninga, eller den samla inntekta til hushaldninga er lågare enn 533.500 kroner

Levekårsutvalet 18.02.2019

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Magne Hestad:

Levekårsutvalet ber om ei evaluering av ordninga før budsjettprosessen 2020 kjem i gang.

LEV - sak 05/2019 Tilråding:

Kommunestyret godkjenner følgjande satsar for foreldrebetaling for skulefritidsordninga (SFO) i 2019:

- Timepris i SFO er kr. 27,- i 2019
- Søskenmoderasjon med 30 % for barn nummer to og 60 % for barn nummer tre og fleire, skal gjelde uavhengig om barn frå same hushalninga går i barnehage eller SFO
- Foreldre har rett til redusert pris om makspris for plass i SFO er høgare enn 6 prosent av den samla inntekta til hushaldninga, eller den samla inntekta til hushaldninga er lågare enn 533.500 kroner

Levekårsutvalet ber om ei evaluering av ordninga før budsjettprosessen 2020 kjem i gang.

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Oversendingsframlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV, H, FRP, MDG:

Kommunestyret ber om eige sak gjeldande utvida kjernetid SFO til kl. 16.30 og 17.00 inkludert eit kostnadsoverslag, til handsaming av økonomiplanen juni 2019.

Røysting:

Tilrådinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteken.

Oversendingsframlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 11/2019 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner følgjande satsar for foreldrebetaling for skulefritidsordninga (SFO) i 2019:



- Timepris i SFO er kr. 27 i 2019
- Søskenmoderasjon med 30 % for barn nummer to og 60 % for barn nummer tre og fleire, skal gjelde uavhengig om barn frå same hushalninga går i barnehage eller SFO
- Foreldre har rett til redusert pris om makspris for plass i SFO er høgare enn 6 prosent av den samla inntekta til hushaldninga, eller den samla inntekta til hushaldninga er lågare enn 533.500 kroner

Levekårsutvalet ber om ei evaluering av ordninga før budsjettprosessen 2020 kjem i gang.

Kommunestyret ber om eige sak gjeldande utvida kjernetid SFO til kl. 16.30 og 17.00 inkludert eit kostnadsoverslag, til handsaming av økonomiplanen juni 2019.

12/2019: LØYPEMELDING - UTGREIING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID MED KOMMUNAR I NORDHORDLAND - ORIENTERINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Bjørn Øivind Krogsrud og Magne Hestad stillte spørsmål ved sin habilitet i saka.

I medhald av fvl §6 1.ledd punkt c) vedtok kommunestyret samrøystes at Bjørn Øivind Krogsrud er ugild i saka

I medhald av fvl §6 2.ledd vedtok kommunestyret samrøystes at Magne Hestad er ugild i saka

Framlegg frå Eirik Haga på vegner av AP, SV, KRF, SP:

Vaksdal kommunestyre ser positivt på å få utgreidd eit utvida samarbeid om oppgåver, men vil presisera at for Vaksdal kommune gjeld:

- 1. Dette samarbeidet skal sikra tryggleiken for at oppgåvene vert løyste i samtlege kommunar ved t.d. sjukefråver og liknade.*
- 2. Den enkelte arbeidstakar skal ha sin arbeidsplass i den kommunen vedkomande arbeider i, i tråd med tilsetjingsvilkåra.*
- 3. Arbeidsgjevaransvaret for våre tilsette no og i framtida skal liggja til Vaksdal kommune.*
- 4. Aldri skal organiserast som eit oppgåvefelleskap etter §19.1 i ny kommunelov, vertskommunesamarbeid eller eit interkommunalt selskap (IKS)*

Det er eit mål for kommunestyret å ta vare på og vidareutvikla kompetansen til dei som allereie er tilsette i Vaksdal kommune, slik at dei vert lengst mogleg i arbeid.

Kommunestyret tek endeleg avgjerd om Vaksdal kommune skal gå inn i samarbeidet eller ikkje, når alle sider ved saka er ferdig utgreidd.



Vidare ber kommunestyret rådmannen følgja opp pålegget frå kommunestyret om drøfta saka med dei tillitsvalde, og leggja fram alle aktuelle dokument i saka inkludert rapport frå forprosjektet.

Kommunestyret ber rådmannen presentere alle prosjekt administrasjonen deltek i regionsamarbeidet til neste møte, herunder mandat og mål, og legge fram referat frå rådmannsforum og regionråd som meldingssaker til kommunestyret frå og med 1.januar 2019.

Framlegg frå Boris Groth, FRP:

Vaksdal kommunestyre ser positivt på å få utgreidd eit utvida samarbeid om oppgåver, men vil presisera at for Vaksdal kommune gjeld:

- 1. Dette samarbeidet skal sikra tryggleiken for at oppgåvene vert løyste i samtlege kommunar ved t.d. sjukefråver og liknade.*
- 2. Den enkelte arbeidstakar bør ha sin arbeidsplass i den kommunen vedkomande arbeider i, i tråd med tilsetjingsvilkåra.*
- 3. Arbeidsgjevaransvaret for våre tilsette no og i framtida bør liggja til Vaksdal kommune.*
- 4. Organisering som t.d. eit oppgåvefelleskap etter §19.1 i ny kommunelov, vertskommunesamarbeid eller eit interkommunalt selskap (IKS) bør unngås, og utredninga bør om mogleg fokusera på samarbeid mellom kommunane utan før nemde organiseringar.*

Det er eit mål for kommunestyret å ta vare på og vidareutvikla kompetansen til dei som allereie er tilsette i Vaksdal kommune, slik at dei vert lengst mogleg i arbeid.

Kommunestyret tek endeleg avgjerd om Vaksdal kommune skal gå inn i samarbeidet eller ikkje, når alle sider ved saka er ferdig utgreidd.

Vidare ber kommunestyret rådmannen følgja opp pålegget frå kommunestyret om drøfta saka med dei tillitsvalde, og leggja fram alle aktuelle dokument i saka inkludert rapport frå forprosjektet.

Kommunestyret ber rådmannen presentere alle prosjekt administrasjonen deltek i regionsamarbeidet til neste møte, herunder mandat og mål, og legge fram referat frå rådmannsforum og regionråd som meldingssaker til kommunestyret frå og med 1.januar 2019.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart sett opp mot framlegget frå Eirik Haga - framlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.

Så vart framlegget frå Eirik Haga sett opp mot framlegget frå Boris Groth - framlegget frå Boris Groth fekk 1 røyst (FRP) og fall.

KOM - sak 12/2019 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre ser positivt på å få utgreidd eit utvida samarbeid om oppgåver, men vil presisera at for Vaksdal kommune gjeld:

- 1. Dette samarbeidet skal sikra tryggleiken for at oppgåvene vert løyste i samtlege kommunar ved t.d. sjukefråver og liknade.*
- 2. Den enkelte arbeidstakar skal ha sin arbeidsplass i den kommunen vedkomande arbeider i, i tråd med tilsetjingsvilkåra.*
- 3. Arbeidsgjevaransvaret for våre tilsette no og i framtida skal liggja til Vaksdal kommune.*



4. Aldri skal organiserast som eit oppgåvefellesskap etter §19.1 i ny kommunelov, vertskommunesamarbeid eller eit interkommunalt selskap (IKS)

Det er eit mål for kommunestyret å ta vare på og vidareutvikla kompetansen til dei som allereie er tilsette i Vaksdal kommune, slik at dei vert lengst mogleg i arbeid.

Kommunestyret tek endeleg avgjerd om Vaksdal kommune skal gå inn i samarbeidet eller ikkje, når alle sider ved saka er ferdig utgreidd.

Vidare ber kommunestyret rådmannen følgja opp pålegget frå kommunestyret om drøfta saka med dei tillitsvalde, og leggja fram alle aktuelle dokument i saka inkludert rapport frå forprosjektet.

Kommunestyret ber rådmannen presentere alle prosjekt administrasjonen deltek i regionsamarbeidet til neste møte, herunder mandat og mål, og legge fram referat frå rådmannsforum og regionråd som meldingssaker til kommunestyret frå og med 1.januar 2019.

13/2019: INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - ETABLERING AV LANDSTRØM FOR FARTØY PÅ VAKSDAL MØLLE

Frå Tom Charles Johnsen, MDG, ligg det føre slik interpellasjon:

Skipsfarten er av avgjørende betydning for å sikre global handel og verdiskaping.

Vi her på Vestlandet ligger langt fremme når det gjelder å utvikle teknologi for mer miljøvennlig skipsfart.

Bergen havn har nå etterhvert etablert en aktiv politikk for å tilrettelegge for landstrøm.

Det pågår en prosess langs hele kysten for etablering av landstrøm for ferger.

Felles krav til cruiseskip, håndtering av avløpsvann, drivstoff, miljødifferensiering av avgifter, tekniske løsninger for landstrøm med mer, etableres langs kysten for å gjøre skipsfarten mer miljøvennlig.

Når Norge skal nå sine mål om kutt i utslipp, er det i kommunene dette skal gjennomføres.

Det er derfor viktig at vi gjør det vi kan for å minimere unødige utslipp lokalt.

Etablering av landstrøm for lossende skip ved Vaksdal Mølle er et av flere tiltak som vi kan gjøre med tanke på dette.

Lossende fartøy går idag på dieselaggregat når de ligger til kai.

Flere i Vaksdal har også klaget over støy om natten fra dette på Facebook.

I tillegg kommer unødig utslipp av dieseleksos som ved inversjon blir den liggende langs fjorden stengt inne av store fjell.

Å tilby landstrøm til skip gir konkrete utslippsreduksjoner og er et viktig signal om at Norge ønsker en utslippsfri skipsfart. Å erstatte fossil energi med elektrisitet er det dessuten meget gode forhold for å gjennomføre her i vår kommune.

Kortreist strøm er også et miljøtiltak!



MDG Vaksdal fremmer derfor følgende interpellasjon;

"MDG Vaksdal vil at kommunen tar initiativ for å få etablert et samarbeid mellom Felleskjøpet, Enova og kommunen, med et mål om å få etablert landstrøm for lossende skip ved Vaksdal Mølle.

Vi ber om at administrasjonen leverer en sak til kommunestyret hvor det redegjøres for mulighetene rundt dette innen 1. Oktober 2019."

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføreren gav slik svar:

Eg er enig med interpellanten at det er ønskelig med bruk av miljørett energi når båtar liggar ved kai. Dette er en storsatsing for Bergen og omland havnevesen. Det er og et område BKK satsar på. Enova har støtteordningar.

Kaien på Vaksdal er liten med lite trafikk i forhold til Bergen og andre store havnar. Saksfeltet er stort og omfattende.

Vaksdal kommune bør utgreie dette skikkelig å få oversikt over muligheter både for å etablere landstrøm på Vaksdal og muligheter for finansiering og samarbeidspartnare. Eg tror det kan vere hensiktsmessig om rådmannen legger fram en sak som belyser alt dette. Eg vil rå kommunestyret til å støtte opp om forslaget fra MDG å få en sak som belyser dette i full breidde.

Eg kan tenke meg å endre framlegg til vedtak noe:

«Rådmannen tar initiativ for å undersøke muligheten for å få etablert et samarbeid mellom Felleskjøpet, BKK, Enova og kommunen, med et mål om å få etablert landstrøm for lossende og lastende skip ved Vaksdal Mølle.

Kommunestyret ber om at administrasjonen leverer en sak til kommunestyret hvor det redegjøres for mulighetene rundt dette innen 1. oktober 2019."

Det vart så opna for debatt.

Røysting:

Det vart røysta over framlegget i svaret frå ordførar (som eit omforeint framlegg) - dette vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 13/2019 Vedtak:

Rådmannen tar initiativ til å undersøke muligheten for å få etablert et samarbeid mellom Felleskjøpet, BKK, Enova og kommunen, med et mål om å få etablert landstrøm for lossende og lastende skip ved Vaksdal Mølle.

Kommunestyret ber om at administrasjonen leverer en sak til kommunestyret hvor det redegjøres for mulighetene rundt dette innen 1. oktober 2019.



14/2019: INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - RESIRKULERING AV BOSS OG AVFALL PÅ OFFENTLIGE BYGG OG I PRIVAT NÆRINGSVIRKSOMHET I VAKSDAL

Frå Tom Charles Johnsen ligg det føre slik interpellasjon:

Våren 2016 la MDG frem endel forslag omkring kildesortering ved offentlige bygg.

Da nåværende avtale med Ragn-Sells er terminert grunnet konkurs, ønsker MDG Vaksdal at denne saken blir tatt opp på ny i kommunestyret.

Det er et viktig tiltak fortsatt å ha fokus på temaet gjenvinning.

Vaksdal kommune bør ha en visjon om å bli en foregangsbedrift mht. sortering og at vi har en visjon om å stimulere øvrig næringsliv i kommunen til å bidra på samme vis. Avfall fra sykehjem, skoler og andre offentlige bygg sorteres ikke i vår kommune idag. Alt kastes idag samme søppel.

Dette er uønsket adferd og dårlig bruk av ressurser, for ikke å snakke om hvilke signaler kommunen sender til elever og ansatte i Vaksdal.

Med all respekt å melde. Dette skal tilhøre fortiden og ikke et Vaksdal av vår tid! Kommunestyret har denne våren på seg til å sette endel ting på plass før vår 4 årsperiode er over. MDG mener at noe så elementært som sortering av avfall, det burde vi klare å få orden på.

Det er faktisk slik at Vaksdal vil kunne spare penger på å kildesortere, da det fører til færre hentinger og vi betaler per henting. Det vil være bra for både for nærmiljø og økonomien til kommunen. Etter nærmere samtaler med BiR har det blitt påvist at Vaksdal og andre kommuner som før var bundet opp til en avtale med Ragn-Sells, har bidratt til å sende store mengder husholdningsavfall for å bli behandlet som industriavfall gjennom deres firma. I andre land regnes avfall fra offentlige bygg som husholdningsavfall, noe det også er. I Norge klassifiserer vi det isteden som industriavfall.

Industriavfall sorteres ikke like godt som husholdningsavfall, derav billigere tilbud på pris. Imidlertid er det slik at husholdningsavfall inneholder mer variert avfall og derfor bør sendes gjennom avfallsstrømmer som foretar en bedre sortering. Det er derfor Vaksdal bør benytte seg av BiR til henting av avfall også på offentlige bygg.

Idag er det leveringsplikt på næringsavfall, men det er opp til avfallsprodusenten om en vil sortere avfall. Det er ikke lovpålagt. Å tenke globalt, men handle lokalt. Det bør ligge til grunn for klimapolitikken vår kommune. Sortering vil i tillegg til miljøgevinst, gi betydelige økonomiske gevinster for kommunen totalt sett.

Det er snakk om store mengder avfall pr innbygger i kommunen pr år. Imidlertid har vi sett en gledelig nedgang fra 2017 til 2018 i Vaksdal! BIR håndterte nærmere 430 kg avfall pr innbygger i Vaksdal i 2017, mot 413 kg avfall i 2018, en gledelig nedgang!

En miljøvennlig livsstil vil gjøre det enklere for våre innbyggere å møte fremtiden. Det er signaler som Vaksdal kommune bør implementere som sine egne. Er det ikke vårt ansvar som representanter i kommunestyret, å tilrettelegge slik at enkle daglige aktiviteter, som sortering av boss og avfall, gjøres på ansvarlig og bærekraftig vis?

MDG Vaksdal fremmer følgende interpellasjon omkring avfallshåndtering og forslag til vedtak:



Rådmannen bes om å finne ut på hvilken måte økt kildesortering best kan fremmes, gjennom miljøfyrtårnsertifisering, eller på andre måter. Kommunestyret ber rådmann om å utarbeide ny avfallskontrakt som inkluderer en reforhandling av gammel avtale slik at den inkluderer kildesortering på offentlige bygg i Vaksdal.

Kommunestyret ber videre at en slik sak blir lagt frem for avstemming i kommunestyret iløpet av Våren 2019.

Vaksdal kommune forplikter seg til at alle enheter / avdelinger i kommunen gjennomfører kildesortering på minst like god måte som kommunens husstander er forpliktet til.

Vaksdal kommune forplikter seg til at dette innarbeides i budsjettet for 2019.

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføreren gav slik svar:

BIR er det interkommunale renovasjonsselskapet vårt som samlar inn i boss. Når det gjelder husholdningsavfall har BIR enerett eller monopol på innsamling og bestemmer ka for fraksjonar som skal handteres for seg, ka som skal samles inn direkte fra boligar, ka som skal leveres på gjenvinningssatsjonen og ka som skal samles inn via såkalla returpunkt.

Når det gjelder næringsavfall er dette konkurranseutsatt.

Her hadde Vaksdal kommune en avtale med Ragn-Sells.

Ragn-Sells sin underleverandør Reno Norden gikk konkurs og BIR Transport overtok innsamlingen.

Administrerende direktør i BIR Steinar Nævdal var i formannskapet 4. februar. Då stilte eg spørsmål om dette med kildesortering av næringsavfall.

Det må med i anbudsgrunnlaget når Vaksdal kommune skal inngå ny kontrakt.

Et av underselskapene i BIR kan bistå Vaksdal kommune i dette arbeidet.

Det er ordføreren sin mening at dette bør skje snarest mulig. Anbudet går ut i 2019.

Kildesortering og gjenbruk av ressursar er viktig.

Eg foreslår at kommunestyret ber rådmannen undersøke kor fort dette kan skje.

Det er i midlertid viktig at når en legger opp til kildesortering av boss at det også blir handtert som kildesortert boss av renovasjonselskapet, at det blir reelt kildesortert og ikkje bare en øving på kordan det skal bli når vi har fått orden på dette.

Framlegg:

Rådmannen hentar inn kompetanse til å utarbeida framlegg til anbodsdokument som kan iverksetjast så snart noverande avtaleperiode er over.

Kommunestyret vil ha anbodsdokumentet til orientering.

Det vart så opna for debatt.



Røysting:

Framlegget som låg i interpellasjonen vart sett opp mot framlegget i svaret frå ordføraren - Framlegget frå ordføraren vart vedteke med 15 røyster (AP, SP-Jarle Audestad, SV, FRP).

KOM - sak 14/2019 Vedtak:

Rådmannen hentar inn kompetanse til å utarbeida framlegg til anbodsdokument som kan iverksetjast så snart noverande avtaleperiode er over.

Kommunestyret vil ha anbodsdokumentet til orientering.

15/2019: INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - UTSLEPP OG VANNKVALITET I SØRFJORDEN OG VEAUFJORDEN

Frå Tom Charles Johnsen, MDG, ligg det føre slik interpellasjon:

Den siste tiden er det kommet fram ein del fakta som viser at Sørfjorden i Vaksdal, idag er gulmerket på kartanalyser grunna sær minimalt oksygeninnhald. Ein fjord uten oksygen, er som kjent ein livlaus fjord. Når Vaksdal Kommune per idag ikkje har nokon form for vannrensing i heile kommunen, vil dette være med på å forringe tilstanden ytterligere.

Felleskjøpet, Vegvesenet, næringsliv, bensinstasjonar, oppdrettsindustri, kraftbransjen m.fl. har, etter det eg kjenner til, valgt å ikkje rense frivillig gjennom sin drift. Til tross for at det påhviler alle bedrifter eit ansvar til å benytte den beste og nyeste teknologien for å redusere sine miljøutslipp. Det vil være vanskelig for kommunen å kreve ein endring her når ein ikkje feier for eigen dør. Og konsekvensene dei preger folk, dyr og marint liv som bur i og langs fjorden vår. Slik skal me ikkje ha det!

MDG Vaksdal ynskjer i første omgang oppdatert og uavhengig data på tilstanden i fjorden vår. Det foregår no ein del miljøundersøkelser i Sørfjorden og Veafjorden. En stor del av overvåkingen skjer i regi av oppdrettsnæringen som ein konsekvens av forringet miljøtilstand. Det er også ein del forskningsaktivitet i fjorden. Forskningsinstitusjonene har interesse av å følge med på denne utviklingen. Forrige gang kommunen tok initiativ til undersøkelser av vannkvaliteten, var omkring fostatutslepp fra Dale AS i 1999. Undersøkinga vart dengang foretatt av Rådgivende Biologer AS.

MDG ynskjer at kommunen no tar initiativ til at me får kartlagt nye tall på tilstanden i fjorden vår. Vaksdal kommune har satt til side rundt 10 000kr årleg siden 1999, pengar som er øremerka til å kontrollere vannkvalitet i fjorden. No er det riktig å ta nokn av dei midlene ibruk for å fremskaffe nye tal. "Det har skjedd store endringer på kort tid. Oksygensvinn i Sørfjorden er nytt, vi har ikke kjennskap til at dette har skjedd før. Det er observert en jevn nedgang i oksygeninnhaldet i den dypeste delen av Sørfjorden (ved Bruvik) siden 2014. Den gang var miljøtilstanden akseptabel, det er den ikke nå", seier fylkesdirektør Tom Pedersen som MDG Vaksdal var i kontakt med, i forbindelse med denne interpellasjonen.

"Den negative trenden i miljøtilstand ser vi for hele Byfjordsystemet, og den ser ut til å forsterkes innover i fjordene". For Vaksdal Kommune er det mange miljøutfordringer knyttet til fjorden. Det utredes no også planer for dumping av steinmasser i den..



MDG fremmer følgende forslag til avstemming i kommunestyret:

1. Kommunestyret ber administrasjonen presentere ein sak for kommunestyret innen 1.Juni 2019, der ein frembringer ein fullstendig oversikt med eksisterende og oppdatert data, på vannkvaliteten i Sørfjorden og Veafjorden, endringer fra undersøkelser gjort i 1999 synliggjøres. Eventuell mangel på data innhentes på bestilling av Rådgivende Biologer AS, finansiert med midler kommunen allerede har satt til side for å kontrollere vannkvalitet."
2. Kommunestyret ber rådmannen presentere ein sak for kommunestyret for etablering av vannrenseanlegg på Vaksdal, Stanghelle, Dale og Stamnes.Saken presenteres for kommunestyret innen 1.November 2019.

Kommunestyret 04.03.2019

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføreren gav slik svar:

I likheten med interpellanten er ordførar bekymret for miljøstandarden i fjordsystemet.

Det er viktig å få kunnskap om dette for å kunne sette i verk de rette tiltakene. Det er flere firma som kan bidra i slik kunnskapsinnhenting. Rådgjevande biologar er et slikt.

I møtet i KIRU 12/2 opplyste fylkesmiljøsjefen at miljøstandarden i fjorden var oppjustert fra dårlig til god. Det var derfor fylkesrådmannen tilrådte fremdeles drift på oppdrettsanlegget i Sandvik, og ba kommunen holde av arealet i arealplanen. KIRU gikk heldigvis i mot innstillingen.

Innen 1.juni må kommunestyret få en overikt over ka for kunnskap som finnst om miljøstandarden. Det er en miljøsak, men og en VA-sak.

Å rydde opp i kommunen sin egen forurensing er en større sak.

Det er og en VA-sak som vil medføre økte gebyrer for avløp.

Kordan dette skal gjøres er det min mening at vi trenger noe bedre tid. Eg tror kommunestyret gjør lurt i å be rådmannen sette av ressursar til dette arbeidet i økonomiplanen for 2020-2023 som vi skal behandle i juni i år.

Kommunen må nok hente inn kompetanse og kapasitet utenfra.

Framlegg:

1. Rådmannen framskaffar tilgjengeleg kunnskap om miljøstandarden i fjorden innan 1. juni 2019.
2. Rådmannen innarbeider i økonomiplanen for 2020 – 2023 framlegg til korleis Vaksdal kommune kan rydda opp i det utsleppet ein har ansvar for.

Det vart så opna for debatt.

Røysting:

Det vart røysta over framlegget i svaret frå ordførar (som eit omforeint framlegg) - dette vart samrøystes vedteke.



KOM - sak 15/2019 Vedtak:

1. Rådmannen framskaffar tilgjengeleg kunnskap om miljøstandarden i fjorden innan 1. juni 2019.
 2. Rådmannen innarbeider i økonomiplanen for 2020 – 2023 framlegg til korleis Vaksdal kommune kan rydda opp i det utsleppet ein har ansvar for.
-



ORIENTERINGAR I STARTEN AV MØTET

K5/Fellesprosjekt Arne-Stanghelle

Orientering v/prosjektleder Gunnar Söderholm

Til stades var også planleggingsleder Idar Reistad frå Statens vegvesen (som orienterte om gang- og sykkelveggar) og Asle Sæterdal og Hans-Egil Larsen frå Bane Nor

OPEN HALVTIME

Ole Hesjedal om utbygging og flytting av paviljongen på Dale

Finn Fossmark om

- Nasjonal rammeplan for vindkraft

- Støyproblem i samband med K5 og områdeplan for Stanghelle

Mona Grenasberg om K5 og løysinga på Stanghelle

ORIENTERINGAR FRÅ RÅDMANN OG ORDFØRAR - Desse er lagt ut i Møteportalen

Ny kommunalsjef for Samfunnsutvikling vart presentert

SPØRSMÅL

Jan Hansen

Om skilting av Skreiavgen som blindveg, jfr. vedtak i formannskapet i april 2018

Administrasjonen undersøker saka

Hege Eide Vik

Om oppveksttun på Stamnes

Rådmannen svarte

Tom Charles Johnsen

Om asfaltering av plassen utanfor Vaksdal senter

Ordfører svarte

Kjartan Haugsnes

Om hurtigladestasjon på Vaksdal senter

Rådmannen svarte

Bjørn Øivind Krogsrud

Om ny brannbil / brannstasjon på Vaksdal

Ordfører svarte

Heidi Rongved

Ba om at det vert skaffa skøyteledningar for representantane til neste møte

Andre saker:

Arne Normann vart vald som varamedlem for Jan Erik Bernes Roe til prosjektgruppa for Lev Vel-prosjektet og byggenemnda for ny skule på Dale

Ei sak vart behandla i lukka møte, i medhald av kl 31.2.